



# KYSTVERKET

Midt-Norge

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2017/1345-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Børre Tennfjord

Dato:  
29.03.2017

## Fråsegn til omsøkt småkraftpakke i Norddal kommune - Møre og Romsdal fylke. NVE referanse: 201503081-20.

Kystverket har motteke søknadar om utbygging av fire små kraftverk i Nordal kommune, til uttale. Høyringa er kunngjort av NVE i samsvar med vassressurslova og det er sett ein frist for tilbakemelding innan 01.06.2017.

### Om søknadane

Dei fire søknadane som er sett saman i ein samla høyring frå Nordal kommune, er;

Fossheim kraftverk – Fossheim kraft (SUS), der ein vil nytte deler av fallet i Herdøla, mellom kotane 130 og 55 til utbygging anlegg med årsproduksjon på opp til 6,0 GWh. Anlegget er lokalisert i Norddal.

Dyrdøla kraftverk – Dyrdøla kraft (SUS), der ein vil nytte deler av fallet i Dyrdøla, mellom kotane 180 og 55 til utbygging anlegg med årsproduksjon på opp til 5,5 GWh. Anlegget er lokalisert i Eidsdal.

Rødøla kraftverk – Tafjord Kraftproduksjon AS, der ein vil nytte deler av fallet i Rødøla, mellom kotane 540 og 451 til utbygging anlegg med årsproduksjon på opp til 5,1 GWh. Anlegget er lokalisert i Tafjord.

Myklebust kraftverk – Myklebust kraft (SUS), der ein vil nytte deler av fallet i Myklebustelva, mellom kotane 225 og 80 til utbygging anlegg med årsproduksjon på opp til 6,6 GWh. Anlegget er lokalisert i Valldal.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

### Om Kystverket

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er vidare eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet og har fagleg ansvar for sikring og framkome i norske farvatn og hamner. Kystverket skal gjennom sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar.

#### Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket arbeidar kontinuerleg for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd. For å ivareta sjøsikringa i norske farvatn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er samansett av fyr, sjømerke, skilt, etablering og utbetring av farleier og fiskerihamner.

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna losteneste, utskriving av farleisbevis, trafikk-overvaking og -kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjons-tenester (is-, bølge-, straum- og vindvarsling, samt navigasjonsvarsel).

Kystverket har og ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

### **Vurdering**

Kystverket har no gått gjennom meldinga med framlegg til fire kraftverksetableringar, inkludert inntaksdammar, leidningsanlegg m.m.. Etter det vi kan sjå er det ingen samanfall med Kystverket sine forvaltingsinteresser og føringar frå Havne og farvannsloven. Dei melde anlegga er heller ikkje lokalisert i nærleiken av sjø eller fører til at tilknytte installasjonar vert etablert i sjø.

Kystverket har soleis ikkje nokon merknad til søknadane eller tilhøyrande tiltak.

Med helsing

Harald Tronstad  
regiondirektør

Børre Tennfjord  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: